# Referat SU/ SMU, Sviland skule 10.05 2016

| **Sviland skule** | | |
|---|---|---|
| | MØTETYPE: | Møte i samarbeidsutvalet |
| | MØTE NR.: | 3 – 15/16 |
| | DATO: | 10.05 2016 18.00- 19.00 |
| | STAD: | Personalrom, Sviland skule |
| | MØTELEIAR: | Olga Marie Torsvik Berge |
| | MØTEREFERENT: | Trond Fossum |
| | ARKIVKODE:<br>Jnr | |

| | |
|---|---|
| **Til stade:** | Olga Marie Torsvik Berge, leiar<br>Renate Furenes, pedagogisk personell<br>Jane-Kate Gjesdal, FAU representant<br>Gudrun Bertelsen, andre tilsette<br>Leidulv Harboe, politisk representant (vara)<br>Lene Presttun Persson, SFO representant<br>Ola Andre Auestad, SMU<br>Trond Fossum, rektor |
| Ikkje møtt: | Anette og Viktoria frå elevrådet – elevrådet har av ulike grunner ikkje hatt møte den siste tida.<br>Ann Helen Tveit, pedagogisk personell – meldt forfall, rektor har tatt med innspel til møtet. |

Dersom ein ikkje kan møte, må ein sjølv informere vararepresentanten.

| **SAK** | |
|---|---|
| 14 – 15/16 | Godkjenning av innkalling |
| 15 – 15/16 | Saker til eventuelt? |
| 16 – 15/16 | Info frå elevrådet, tilsette og rektor<br><br>Info frå tilsette<br><br>1.- 4. trinn<br>• 2 lærarar sjukemeldt over tid.<br>• Utviklingssamtaler 3. trinn snart ferdig. 1. og 2. trinn snart i gang. Leiinga har funne ein løysing for 4. trinn, der und.inspektør vil holde utv.samtalene i slutten av mai/starten av juni.<br>5.-7.trinn<br>• Lærarane er stort sett friske og stabile. Ingen sjukmeldingar.<br>• 5. og 6.klasse har gjennomført utviklingssamtalar, 7.klasse har starta i veke 19. |

| | |
|---|---|
| | • Vi hadde eit kjekt besøk frå Liverpool. Fantastisk flott at så mange elevar kom tilbake til skulen etter skuletid. 19 elevar frå 5.-7.klasse deltok på leikar i skulegarden, og åt pølser saman med elevane på fredags ettermiddag. Vårt ynskje var sjølvsagt at besøket hadde kome i skuletida, men det handla om flyruter frå Liverpool. Difor er vi svært fornøgde med at så mange av elevane våre kom for å møte dei etter skuletid.<br>Gjestane frå Liverpool var svært fornøgde, og tykte at mange av elevane våre var flinke til å snakke engelsk. Så kjekt! Vi fortset brevskrivinga med skulen framover.<br><br><u>Info frå SFO</u><br><br>• Aktivitetsdag i veke 19.<br>• Overnatting snart, mange som gleder seg.<br>• 14 skal starte på SFO til hausten foreløpig, 13 i 1. klasse, blir 44 totalt til hausten.<br><br><u>Info frå bydelsutvalet</u><br>• Stien ved byggefeltet begynner etter en del rundar å bli etablert.<br>• Årets 4. trinn – med tanke på TV-innsamlinga. Bydelsutval kontaktar klassekontakt.<br>• Høgspent – arbeidas med dette i forhold til plassering.<br>• Kjemper mot plassering av vindkraft. For tett naboskap og med tanke på vidare utvikling av Sandnes Øst.<br>• Prøver å være i forkant av planlegging rundt Sandnes Øst/Sviland, gjerne i samarbeid med SU.<br>• Noredalen – sykkelsti. Ligger finansiering klart, så skal komme kjapt i gang ved klarsignal. Stopper dessverre ved Kyllesvatnet, skulle helst gått heilt til skulen.<br><br><u>Info frå rektor</u><br><br>• Hatt ein god start, fekk på grunn av eit godt samarbeid med Hana skole til å starte nokon veker før 1. mai, og føler eg dermed fekk ein betre start. Teken imot på ein fortreffelig måte, både av tilsette, elevar og føresette.<br>• Glad i småprosjekter, som for eksempel infoskjerm og inngangsparti. Vil nok gjøre fleire slike småting.<br>• 18 førsteklassingar til hausten. Bokmålsklasse. Har hatt ein kjekk innskoling. Har dessverre ikkje klart kontaktlærar for 1. klasse, men er i gang med jobben. Ønsker å få til eit møte mellom elevane og den nye læraren før sommaren.<br>• Rektor nemnte mogelegheit for Teknolab på Hana skole. Rektor får til info og kontakt med ressursperson. Kommer tilbake til dette.<br><br><u>Info frå FAU</u><br><br>• Ingen store saker i år. |

| | |
|---|---|
| | • 17. mai i rute. Ser ut til å gå i hop. |
| 17 – 15/16 | Morgon SFO<br>- Vi såg på resultatet av undersøkinga og er einige om at vi har et reelt behov for morgon-SFO som opnar klokka 07:00.<br>- SU-leiar nemnte at fleire av dei som har behov har fortalt at dei har mogelegheit for å gi informasjon om turnus og tidsplanar, slik at SFO får betre oversikt. |
| 18 – 15/16 | Behov for personell – både i skole og SFO – tilsetting i gang.<br>- Kort info frå rektor. |
| 19 – 15/16 | Høring om Skolebehovsplan (sjå vedlegg).<br><br><u>SU sine kommentarar:</u><br><br>Positivt at Sviland skule i det minste vurderast i skulebehovsplanen, men ser for oss at med tanke på auke i klassestørrelse og talet på elevar i SFO, så bør det vere ein plan om utbygging av klasserom og SFO-lokalar. Prognoser frå kommunalt hold samstemmer ikkje med reel befolkningsvekst. Ser ikkje ut som om det er tatt høgde for utbygginga. Alle klasserom på Sviland bør etterkvart kunne romme minst 25 elevar.<br><br>Positivt at barneskular vert bygde med naturfagrom. Det er det verkeleg behov for. Det gjeld kanskje berre nye barneskular? I så fall er det eit sterkt ynskje om at det og vert bygd naturfagrom på eksisterande barneskular. |
| 20 – 15/16 | Eventuelt<br>20.a - Gjennomgang av Resultatvurdering for 2015.<br><br>20.b – *Gjennomgang av handlingsplan for Synleg læring.* – Utsatt.<br><br>20.c – «Offentlig ettersyn plan 2014111 – Detaljregulering av gang- og sykkelvei langs Fv 333 Espelandsveien.»<br><br>- Su stiller seg positive til bygging av sykkelsti langs Fv 333 Espelandsvegen. |